



ÅRSMELDING FOR 2017

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner har i mange år samarbeidd med jordbruksskulane Tombontsoa og Fihaonana på Madagaskar. Kyrkjelydar, foreiningar og enkeltpersonar har gitt eingongsgåver og mange er faste gjevarar til JV. Tomb videregående skole har bidratt også dette året med pengar, og det har også Varhaug Kristelige Ungdomslag. Pengar frå Fossfondet har vorte brukt til drifta av skulane i 2017.

Styret

Styret for Jordbruksskolenes Venner (JV) har vore det same som tidlegare:



Ole Moi, leiar t.h.,
Kolbjørn Lerstøl, styremedlem
Rolf Moi, styremedlem
Kjell Dale, kasserar
Arne Dragsund, sekretær

Styret har hatt 6 møter og handsama 68 saker i 2017

Styreleiar Ole Moi døydde 8.oktober 2017 etter ei tid med sjukdom. Han vart gravlagd i Varhaug kyrkje 17. oktober-17. Ole Moi var med og starta Jordbruksskolenes Venner i 2006. Trass i sjukdom dei siste åra, var han aktivt med i arbeidet for jordbruksskulane, både her heime og ute på Madagaskar. Han var med på fleire dugnader på skulane gjennom desse åra. Meir omtale finn ein på heimesida.

JV si heimeside

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no

Jordbruksskulane i dag

Tombontsoa og Fihaonana jordbruksskular framstår som foregangsskular innan landbruket på Madagaskar. Dei har i henholdsvis 52 og 34 år vore i fremste rekke når det gjeld utdanning av gassisk ungdom i landbruksfag. Den Gassisk Lutherske Kyrkja som eig skulane, og Det Norske Misjonsselskap som var med i startfasen og heile tida seinare, kan vere stolte av desse skulane og det dei utrettar i undervisningssektoren og i landbruksutviklinga på Madagaskar. Og Jordbruksskolenes Venner har grunn til å glede seg over den store utviklinga desse skulane har hatt sidan JV starta opp samarbeidet for godt 10 år sidan. Vi vil i denne samanheng trekke fram rektor Rasoloson Lala på Tombontsoa og rektor Randrianarjao

Hobiharisoa på Fihaonana og deira medarbeidarar for den store innsatsen dei legg ned i arbeidet på skulane, og at dei stadig er med i utviklinga innan landbrukssektoren og samarbeidet med lokale og sentrale myndigheiter. Når det nå i 2018 er 440 elevar og studentar på Tombontsoa, og vil bli rundt 150 elevar på Fihaonana, viser det meir enn noko anna at skulane er inne i ei fin utvikling.



Rektor dr. Rasoloson Lala



Rektor Randrianarijao Hobiharisoa

Seminar om jordbruksskulane

I tida 17.-19. oktober-17 vart det arrangert eit seminar på Lovasoa i Antsirabe om framtida til jordbruksskulane. Kyrkjeleiinga med president, visepresident, generalsekretær og andre frå leiinga var til stades saman med folk frå to departement, Landbruksdepartementet og Departementet for teknisk utdanning. Staten satsar i dag på utvikling av landbruket på Madagaskar som eitt av 5 satsingsområde. Myndighetene vil ha dei to jordbruksskulane med som viktige medarbeidarar i denne satsinga. Mellom anna vil dei ha 3 månaders kurs på Fihaonana i t.d. hønseavl, risdyrking, grønsaksyrking m.fl. Staten har vedteke at det skal opprettast såkalla Etablissements Pilotes (Pilotinstitusjonar) fleire stader regionalt, og her er skulane med. Når det gjeld skulane si evne til å bli meir sjølvstendige økonomisk, utan eller med redusert støtte til skuledrifta utanfrå, så var dette eit av hovudtemaene i seminaret. Fleire tiltak er her aktuelle. For det første at kyrkja, og dei to synodane som eig skulane, får eit større eigarforhold til skulane. At t.d. eit distrikt kan adoptere nokre elevar på skulen, og betale skulepengar for desse. Eller at gardsbruka i større grad kan bidra med pengar til sjølve skuledrifta. Begge gardsbruka er, med god støtte frå JV gjennom mange år, sette godt i stand for å kunne produsere betre og gje meir avkastning. Dette gjeld både driftsbygningar og maskinar, traktorar og utstyr elles. Staten si støtte til skulane er og viktig, både med pengar til sjølve skuledrifta, og til utstyr og bygningar. I samtalane på seminaret kom det fram at staten ønskjer å bidra meir framover. Arne Dragsund representerte NMS og JV på seminaret.



Deltakarane på seminaret



Lærer Noely på Fihaonana med innlegg

Programmet Grøn Diakoni

Begge skulane er med i det såkalla Grøn Diakoni-programmet. Det går ut på at skulane har opplæring av hyrdar frå sjukelandsbyane (toby) i Den gassisk lutherske kyrkja. Hyrdar er kvinner og menn som har fått ei to-årig opplæring før dei vert innvigde til hyrdar i kyrkja. Dei tek seg mellom anna av mentalt sjuke menneske i sjukelandsbyane eller omsorgssentra som fins over heile Madagaskar. 10 hyrdar frå kvar av 4 tobyar har fått opplæring i 2017 med 14 dagars kurs i grønsakdyrking, bruk av husdyrgjødsel og laging av kompost, oppretting av planteskular og planting av frukttre og skog. Etter opplæringa på skulen, følgjer lærarane opp arbeidet i tobyen. Hyrdane tek med seg dei mentalt sjuke ut i praksis på åkeren som dei har inntil tobyen. Når folk er blitt friske igjen, får dei med seg nokre frøposar av grønsaker heim til sine landsbyar og held fram dyrkinga der. Meininga er at skulane skal halde kurs for 40 hyrdar kvart år, og følgje opp dyrkinga i desse tobyane. Dyrking av jorda gir i tillegg til god terapi for dei sjuke, også grønsaker, poteter og frukt til mat for dei sjuke.



Dei sjuke i aksjon i toby Ambohimahazo



Nyttig kunnskap for dei seinare

Okseprosjektet

JV har i nokre år arbeidd for auka bruk av oksetrekkraft hos bøndene. Det er lite mekanisert drift av gardane på Madagaskar, og framleis er spaden den viktigaste reiskapen når jorda skal vendast, i rismarkene og elles. Nokre bønder har begynt med traktordrift, men det er lite utbreidd ennå. Men det er nok oksar dei fleste stader. På Tombontsoa har Fanantenana, håpets gard, vore driven med oksetrekkraft sidan 1974 som opplæring for elevane. Men dette var det mindre av i mange år før JV tok tak i dette på nytt for nokre år sidan. På Fihaonana er det oppretta eit oksesenter, der skulen kjøper inn ungoksar og temmer desse som ledd i undervisninga for elevane. Planen er og selje ferdig dresserte oksar og reiskapar vidare til bøndene på austkysten. Oksesenteret kom i gong i 2017. JV har hatt opplæring i produksjon av gode åk for oksar, temming av ungoksar og produksjon og bruk av gode reiskapar tilpassa oksetrekkraft. Det er, med utgangspunkt i Tombontsoa, funne fram til 4 pilotbønder som skal vere foregangsbønder i bruk av oksar og ymse reiskapar. Tidlegare lærar på Tombontsoa, Rakotonoely Desire, koordinerer dette arbeidet for JV i Antsirabeområdet. Åk til oksane og vogner vert produserte i snekkarverkstaden på Tombontsoa.

Tombontsoa jordbruksskule

Skuledrifta

Tombontsoa jordbruksskule starta opp i 1965 med dei første elevane. Skulen har utdanna fleire tusen agronomar i det eittårige kurset. Mange av desse finn vi igjen som foregangsbønder ute i landsbyane. Nokre arbeider i staten eller private organisasjonar, og

nokre har teke vidare utdanning. Skulen er såkalla Ecole Agree, dvs. at han er godkjent av Den gassiske stat som fagskule i landbruket. Landbruksdepartementet er med og utarbeider eksamensoppgåver og dei er og med og rettar desse, samt at dei signerer vitnemåla saman med skulen og synodeleiinga.

Tombontsoa har tre ulike tilbod for ungdom. FPQ, det eittårige kurset som var starten på skulen i 1965, eit treårig gymnas (Lycee Agricole) og det treårige høgskuletilbodet IPSATTA. Totalt er det ved årsskiftet 2017-18 110 elevar i FPQ, 69 elevar i Lycee Agricole og 263 studentar i IPSATTA. Totalt 442. I tillegg er det 25 som avsluttar med Licence Agricole. Elevane på Tombontsoa kjem stort sett frå Innlandet, men inneverande skuleår er det svært mange frå Morondavaområdet på vestkysten.



Ein av skulebygningane på Tombontsoa

Gardsbruket

Det store gardsbruket på Tombontsoa er praksisplass for alle elevane og studentane som går på skulen. Både i FPQ og Lycee Agricole er det grunnleggande praksis i jord- og husdyrbruk, med dei produksjonar som er aktuelle for elevane når dei kjem heim til sine landsbyar. Såleis er Fanantenana = håpets gard, der det mellom anna er handmjølking for elevane, viktig som praksisstad. Her er det også bruk at trekkoksar i jordarbeiding og transport. Også for studentane i IPSATTA er gardsbruket nytta i samband med oppgåver og kalkyler. God drift av gardsbruket er såleis avgjerande for å vise kva som er mogeleg å få til i dei ulike produksjonane.

Eit godt drive gardsbruk er god undervisning, og eit dårleg drive gardbruk er dårleg undervisning. Derfor har JV satsa på og setje gardsbruka på skulane i god stand, slik at produksjonane er gode modellar for elevanar. Her kan dei lære det grunnleggande i drifta av t.d. mjølkeproduksjon, dyrking av gras og mais og dei andre kulturane.



Effektiv pløying med 4 skjærs vendepløg



Hausting av mais for silolegging

Utstyret som trengs på garden, er nå i bra stand med t.d. ein fireskjærs vendepløg med plastikkfjøl for å hindre at laterittjorda klinar seg fast til fjølene. Før pløying vert det køyrt ut husdyrgjødsel med gjødselvogna frå den store gjødseltanken som vart bygt i 2012. Maisen vert sådd med maissåmaskin. Maishaustaren haustar maisen før den vert køyrt i plansiloen utanfor fjøset. 600 dekar vert nytta til mais for silolegginga, av dette er 300 dekar gjødsla med husdyrgjødsel, resten med kunstgjødsel. Verkstaden har ansvar for vedlikehaldet av traktorar og reiskapar, og anna vedlikehald på garden. Det er i dag 4 traktorar på skulen, den siste vart kjøpt på Madagaskar av JV for eit par år sidan.



NRF besetningen på Tombontsoa



Pløying på elevgarden Håpet

I fjøset er det rundt 60 mjølkekyr av NRF. Dyra går ute i store innhengningar heile året. Dei går ikkje ute på beite på grunn av mykje flått som overfører sjukdomen piroplasmose. Alternativet er å dusje dyra to gonger i veka med væske som drep flåtten. I regntida vert det køyrt til frisk gras og maissurfor i tørketida. Skulen får og tilkøyr mask frå bryggeriet i Antsirabe, som vert brukt til mjølkekyrne. Den nye mjølkestallen som vart montert for eit par år sidan, fungerer godt. JV demonterte den i eit fjøs på Varhaug og sende den ut i ein kontainer. Ein dugnadsgjeng frå Varhaug reiste ut og monterte anlegget. Grisehuset var tidligare i dårleg forfatning. Nå er det restaurert og pussa opp, slik at skulen kan auke besetningen på gris igjen. Dei fekk afrikansk svinepest i besetningen tidleg i 2017, noko som resulterte i at dei måtte slakte ned alt dei hadde og desinfektare huset og innreiinga. Det finst ikkje vaksningar eller behandling for afrikansk svinepest. Huset måtte og stå tomt nokre månader. Nå er dei i gang med innkjøp av nye dyr og auking av besetningen litt etter litt.

Besøk på Tombontsoa

Arne Dragsund var på Tombontsoa i mars og oktober-november 2017. I mars var leiar for

Plant et Tre i Norge, Jørgen Lollike med. Tombontsoa tek del i programmet Grøn Diakoni, finansiert av Plant et Tre. I samband med 150 års jubileet for NMS sin oppstart på Madagaskar, vart det arrangert ei utflukt til Tombontsoa 27.oktober med rundt 150 norske og danske gjester. Rektor Rasoloson Lala orienterte om skulen, og det var omvisning i gardsbruket og mat i parken.

Rolf Moi og Reinert Vassbø besøkte Tombontsoa i oktober – 17. Dei gjekk gjennom heile det elektriske anlegget på skulen og gardsbruket, med tanke på at det kan vere nødvendig å skifte ut ein del av dette for å kunne spare straum, som er ein stor kostnad i drifta av skulen. Rektor er og interessert i om det er mogeleg med solcellestraum for ein del av skulen og gardsbruket. Kjell Dale var ei veke på Tombontsoa i oktober-17 angående okseprosjektet og produksjon av åk og vogner til oksar. Han var i kontakt med fabrikk KOFAMA i Antsirabe for produksjon av betre reiskapar for oksetrekkraft.

Toalettanlegget



Toalettene på Tombontsoa var i dårleg forfatning etter mange års bruk. Skulen ønskte derfor nye toalett for elevar og lærarar på skulen, med 16 einingar. Firmaet PCCM, som leiger lokale for fabrikk i mølla på skulen, sto for bygginga. Toalettene er bygde i polybetong, dvs. med blokker laga av brukt isopor og sement. Varhaug kristelege ungdomslag bevilga pengar til dette nye toalettanlegget på Tombontsoa.

Fihaonana jordbruksskole

Skuledrifta

Fihaonana jordbruksskule kom i gong i 1983. Rundt 1500 elevar har fått si utdanning gjennom desse 34 åra. Dei fleste av desse har reist tilbake til sine landsbyar for å praktisere som bønder. Andre tek meir utdanning eller får seg arbeid i private organisasjonar eller i staten som vaksinatørar eller rettleiarar. På austkysten er bøndene veldig tradisjonsbundne, og det er mykje tabuar når det gjeld dyrking av ymse vekster. Derfor er det ikkje lett for dei unge og starte opp for seg sjølv, eller saman med foreldra. Skulen har derfor i fleire år invitert foreldra til ei veker opphald på skulen, slik at dei får sjå kva som er mogeleg å få til i dei ulike produksjonar. Skuleåret startar opp 24. januar- 18, med rundt 100-160 elevar, 40 i det 10 månaders kurset, og 60-120 i 2-3 månaders kurs (i skrivande stund er ikkje antalet heilt klart). Med å starte opp i januar, får elevane følgje driftsåret på austkysten. I oktober – 17 gjekk det ut 97 elevar, nokre av dei i det 3 månaders kurset som staten har bedt skulen om å arrangere. Mange av elevane i siste kullet kom frå Fianarantsoa området i Innlandet, slik at Fihaonana ikkje berre har elevar frå austkysten, men og frå andre stader på Madagaskar. Fihaonana er

også Ecole Agree, godkjent av staten som fagskule i landbruket. Landbruksdepartementet er med og signerer vitnemåla for elevane.

Gardsbruket

Gardsbruket på rundt 300 dekar vert nytta som ein viktig praksisplass for elevane. Skulen har ein traktor som dei brukar i pløying og noko transport. Opplæring i bruk av oksar som trekkdyr er ein del av opplæringa på skulen. På austkysten av Madagaskar er det svært få som brukar oksar som trekkdyr, både i transport og arbeiding av jorda. I tillegg til forskjellige sortar grønnsaker, vert det dyrka maniok, mais, søtpotet, gras og frukt som papaya. Skulen nyttar ikkje kunstgjødsel, men greier seg stort sett med kompost og husdyrgjødsel, sjøl om det er stort forbruk av husdyrgjødsel til dei 5 biogassanlegga dei har på skulen. I husdyrbruket er det mjølkekyr, griser og høner. Mjølka og egga vert selde i byane Manakara og Farafangana. Tidligere køyrde dei slaktegrisene til hovudstaden, men nå er det så stor etterspørsel etter smågris, at dei sel mest alle grisene som smågriser. Dei har teke i bruk det nye grisehuset som vart bygd i 2017 med støtte frå JV. For godt eit år sidan vart det grave ut ein stor fiskedam for oppdrett av Tilapia-fisk. Fisken vert seld til restaurantar i Manakara. JV har bevilga pengar til å grave ut endå ein fiskedam. I kraftformølla er det produksjon av kraftfor til eige bruk, og sal til bønder i området. Berre i Manakara-området er det i dag rundt 100 mjølkekyr av NRF, og dei leverer kraftfor til eggprodusentar og andre i nærområdet. Det er installert eit solcelleanlegg på Fihaonana, med tanke på å redusere bruken av straum frå e-verket. Dette dekkar rundt 35 % av det behovet skulen treng. Biogass frå toalettene til elevane er tilstrekkeleg til lys i internata for elevane.



Tilapia, seld til restaurantar og eige bruk



Tømming av den store dammen

I 2017 har JV finansiert bygging av to nye grisehus med drikkeniplar sendt frå Norge, eit enkelt fjøs og kjøp av ungoksar for okseprosjektet, samt pengar til utgraving av ein ny fiskedam. Og ein ny brønn.



Terrassebygging av jorda finansiert av JV



Frå fjøset på Fihaonana

Ny brønn på Fihaonana

Rolf Moi reiste til Fihaonana i oktober-17 for å stå for graving og støyping av ein ny brønn. Reinert Vassbø var og med til Fihaonana. Skulen hadde søkt om pengar til ein ny brønn, slik at dei har nok vatn i tørketida. Brønnen har ei djupne på 7 meter. På grunn av mykje regn og meir arbeid enn planlagt, vert brønnen ferdigstilt i september 2018. Meininga er å gå djupare for å sikre nok vatn. Mekanikar Lalaina frå Tombontsoa var med ei tid, samt eit par arbeidarar frå Antsirabe som hadde vore med på graving og støyping av ein brønn på Tombontsoa tidlegare.



Rektor Hoby t.v., Reinert Vassbø og Rolf Moi Griser og andre husdyr treng mykje vatn

Besøk på Fihaonana

Arne Dragsund var på Fihaonana i mars og november 2017. I mars var leiar for Plant et Tre i Norge med, Jørgen Lollike. Plant et Tre gir pengar til programmet Grøn Diakoni som Fihaonana er med i.

Marte Pollestad frå Klepp hadde praksis på Fihaonana i mars-april 2017. Ho underviste mellom anna i engelsk for elevane og deltok i forefallande arbeid på skulen og gardsbruket. Når det er reisegrupper frå Norge til Madagaskar, er dei som oftast innom Tombontsoa og Fihaonana når dei er i Antsirabe eller på austkysten. Slik også i 2017. Mange av dei som kjem på besøk, kjenner JV og skulane frå før.

Takk for støtte til arbeidet på jordbruksskulane!

Vi som er med i styret for JV vil rette ei varm takk til alle som støttar arbeidet med pengar og forbøn, eller utstyr når det skal sendast ut noko til skulane. Vi ser at innsatsen som JV har gjort gjennom dei siste 10 åra, viser godt igjen på Tombontsoa og Fihaonana. Og vi veit at rektorane og dei tilsette set pris på den nære kontakten JV har med skulane, både ved besøk, dugnader og korrespondanse gjennom året. Vi vil også takke Det Norske Misjonsselskap for eit godt samarbeid. NMS og JV delte på kostnadene med drifta av det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana for 2017.

Sandnes, 10. januar 2018

Kolbjørn Lerstøl

Kjell Dale

Rolf Moi

Arne Dragsund